

## EI LITA VISE FOR HEDØLER

*Tone: Trubadurvise*

Je er ein hedalsborger,  
det er min lodd og del.  
Og stort sett må je sea  
je trivst og har det vel.  
Om følket er litt mætere  
når du kjem opp te Bagn,  
je håper du vil høre på  
ein simpel hedøls sang.

Je trivst og har det vel og bra  
her i min eigen dal.  
Men somme tider må je  
over dit der Begna drar.  
Og vegen ned te Beindal'n  
er svingute og trong.  
Dom breidda'n sist da prosten Barth  
sku fara'n fyste gong.

Je har det bra og er så sael  
før je er fresk og god.  
Så vi treng ingen dokter her,  
på Bagn må dom ha to.  
Og skulle du bli därleg  
og vil ha dokter strast,

så hugs at du er hedøl,  
og da har det inga hast!

Men ein gong blir je gammal  
om je itte rusler før.  
Da må je vel dra samma veg  
som mange gamle gjør.  
På Bagn der fins ein kvileheim  
der je får lov å bo,  
før bygging her i Hedal'n  
blir visst aldri nokko då.

Men je vil ei førtvile,  
je er i godt humør.  
Min skatt får je betale,  
som folk her ellers gjor.  
Om Hedal'n blir hølt uttafør,  
så har jeg merka det:  
Når ligninga ska settas opp,  
da blir vi regna med!

*Hedalen i april 1980.  
Eldor Bråthen*